



Eidfjord Kommune

Føresegner  
og  
retningslinjer

Kommunedelplan  
for  
Sysendalen

2016 – 2026

Forslag til planvedtak

10.12.2015

Rev4 02.03.2017

Endringar:	Saknr.	Dato:	Sign:
F/B3 – fritidsbustad/bustad på Maurset, vedtak Formannskapet	15/166	21.12.2015	EK
Rev1 – endringar etter offentleg høyring		27.05.2016	EK
Rev2 – endringar etter dialogmøte/mekling 22.09.16			
Rev3- endringar etter dialogmøte 09.01.17			
Rev4-endringar etter tilbakemelding frå FM		02.03.2017	EK

## INNHOLD

<b>1. VERKNADER AV PLANEN .....</b>	<b>5</b>
1.1 VERKNADER AV PLANEN (PBL §§ 11-5 OG 11-6) .....	5
1.2 FORHOLDET TIL EKSISTERANDE PLANAR (PBL § 1-5) .....	5
<b>2. GENERELLE FØRESEGNER .....</b>	<b>5</b>
2.1 PLANKRAV (PBL §11-9 NR 1) .....	5
2.2 UΤBYGGINGSAVTALER (PBL §11-9 NR 2) .....	6
2.3 ENERGI (PBL §11-9 NR 3) .....	6
2.4 VASSFORSYNING OG AVLØP (PBL §11-9 NR 3) .....	6
2.5 VEG OG TRANSPORT (PBL §11-9 NR 3) .....	6
2.6 REKKJEFØLGJEKRAV (PBL §11-9 NR 4) .....	7
2.7 BYGGJEGRENSEN TIL SJØ OG VASSDRAG (PBL §11-9 NR 5) .....	7
2.8 UNIVERSELL UTFORMING (PBL §11-9 NR 5) .....	8
2.9 OMSYN TIL BORN OG UNGE (PBL §§ 1.1, 11-9 NR 5 OG NR 8) .....	8
2.10 KRAV TIL UTEOPPHALDSAREAL (PBL §11-9 NR 5) .....	8
2.11 KRAV TIL PARKERING (PBL §11-9 NR 5) .....	8
2.12 KLIMA (PBL §11-9 NR 6) .....	9
2.13 ESTETIKK OG ARKITEKTUR (PBL §11-9 NR 6) .....	9
2.14 NATUR, LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR (PBL §11-9 NR 6) .....	9
2.15 STØY (PBL §11-9 NR 6) .....	9
2.16 RENOVASJON (PBL §11-9 NR 6) .....	9
2.17 BEVARING AV EKSISTERANDE BYGNINGER OG KULTURMILJØ (PBL §11-9 NR 7) .....	10
2.18 KRAV TIL VIDARE REGULERINGSARBEID (PBL §11-9 NR 8) .....	10
<b>3. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §11-7 NR 1) .....</b>	<b>10</b>
3.1 BUSTADAR (B) .....	10
3.2 KOMBINERT BUSTAD/FRITIDSBUSTAD (F/B) .....	10
3.3 NÆRING/FRITIDSFØREMÅL/BUSTAD (N/F/B) .....	11
3.4 BUSTAD/TENESTEYTING (B/T) .....	11
3.5 FRITIDSBUSTADAR (F) .....	12
3.6 OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING (OT) .....	12
3.7 FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL (F/T) .....	12
3.8 IDRETTSANLEGG (I) .....	13
3.9 NÆRINGSVERKSEMD (N) .....	13
<b>4. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7 NR 2) .....</b>	<b>13</b>
4.1 PARKERINGSPLASSAR (P) .....	13
4.2 VEG .....	13
4.3 NY TILKOMSTVEG TIL ALPINDESTINASJON PÅ FET .....	14
4.4 GANG/SYKKELVEG .....	14
4.5 TURVEGRASE .....	14
<b>5. GRØNSTRUKTUR (PBL § 11-7 NR 3) .....</b>	<b>15</b>
5.1 GRØNSTRUKTUR (G) .....	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
5.2 FRIOMRÅDE (FRI) .....	15
<b>6. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 11-7 NR 5) .....</b>	<b>15</b>
6.1 LNFR-OMRÅDE .....	15
6.2 LNFR OMRÅDE MED SPREIDD BUSETNAD (LNFR-F) .....	15
6.3 LNFR OMRÅDE MED SPREIDD NÆRING (LNFR-N) .....	16

---

<b>7. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 NR 6).....</b>	<b>17</b>
7.1 BRUK OG VERN AV VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE .....	17
<b>8. OMSYNSSONER (PBL § 11-8).....</b>	<b>17</b>
8.1 SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER (PBL § 11-8-a).....	17
8.2 SONE MED SÆRLIGE OMSYN (PBL § 11-8-c).....	17
8.3 SONE DER REGULERINGSPLANAR FORTSATT SKAL GJELDE (PBL § 11-8-f) .....	18

## Verknader av planen

### Innleiding

**Formatert:** Norsk (bokmål)

Kommunedelplan for Sysendalen viser hovedtrekka i framtidig arealdisponering i planområdet, samt rammer, føresetnader og omsyn ved nye tiltak og arealbruk. Kommunedelplanen består av plankart, føresegner og planomtale.

Føresegnerne er bygd opp slik at tekst i grå felt er juridisk bindende føresegner. Føresegnerne er delt i generelle føresegner og føresegner knytt til dei einskilde føremåla/områda. Desse to delane skal verke saman. Dei generelle føresegna gjeld for alle områder innanfor planområdet.

Retningslinjer til dei aktuelle føresegnerne står under det grå feltet. Desse er utan juridisk verknad, men vil vere rettleiande for kommunen si sakshandsaming. Retningslinjene kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngjeving for vedtak.

### 1 Verknader av planen (pbl §§11-5 og 11-6)

- 1.1 Føresegnerne er saman med plankart juridisk bindande for framtidig arealbruk.  
Føresegnerne inneheld både generelle føresegner som gjeld for heile planområdet og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremål
- 1.1.2 Kommunedelplanens arealdel er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnt i pbl § 1-6. I område der det ikkje er gjeldane reguleringsplan eller stilt krav om utarbeidning av reguleringsplan skal kommunedelplanen leggast til grunn ved handsaming av søknad om løye etter reglane i pbl §§ 20-2 - 20-5. Ved motstrid mellom plankart og føresegner gjeld plankart framfor føresegner.
- 1.2 Forholdet til eksisterande planar (pbl §1-5)
  - 1.2.1 Kommunedelplanen med føresegner gjeld framfor eldre planar, der ikkje anna går fram av kommunedelplanen.
  - 1.2.2 Godkjende reguleringsplanar som skal vidareførast er vist med omsynssoner H910 i plankartet og i liste i pkt. 8.3.1.

### 2. Generelle føresegner

- 2.1 Plankrav (pbl §11-9 nr 1)
  - 2.1.1 Det vert sett krav om utarbeidning av detaljreguleringsplan, jfr pbl kap 12 før utbygging i alle uregulerte område.
  - 2.1.2 Kommunen kan også krevje utarbeidning av detaljreguleringsplan innanfor eksisterande regulerte område dersom dette er naudsynt for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring, fleirbruk og vern i høve til private og offentlege interesser, jf. pbl § 12-1.

2.2 Utbyggingsavtaler (pbl §11-9 nr 2)

- 2.2.1 Eidfjord kommune ved kommunestyret kan inngå utbyggingsavtaler med utbyggjarar i samsvar med reglane i pbl kap 17 der dette er tenleg. Innhaldet i utbyggingsavtaler skal fokuserast kring utbygging av veg inkl. kryssområde knytt til Rv7, gang/sykkelveg langs Rv7 og VA-anlegg med tilhøyrande installasjonar for nye tiltak, jamfør opparbeidingsplikta i pbl kap 18. Det kan også inngåast utbyggingsavtaler for andre anlegg i området, til dømes opparbeiding og tilrettelegging av turvegar med tilhøyrande anlegg.
- Ved utarbeidning av reguleringsplan for eit område kan det i føresegne gjevast meir spesifikke vedtak i samsvar med pbl. § 17-3. Det kan i føresenene til detaljplan stillast krav om at utbyggingsavtale er eit vilkår for utbygging.

2.3 Energi (pbl §11-9 nr 3)

- 2.3.1 I samband med regulering av nye byggjeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lågt energiforbruk.

2.4 Vassforsyning og avløp (pbl §11-9 nr 3)

- 2.4.1 Krav om VA-rammeplan skal inngå i alle detaljreguleringsplanar. Rammeplanen skal vise prinsippløysingar for området, samanheng med overordna system og dimensjonere og vise handtering av overvatn.
- 2.4.2 Ved utbygging av nye avløpsanlegg skal det leggjast vekt på å finne miljømessig gode løysingar, med låg risiko for utslepp.
- 2.4.3 Overvatn skal handterast lokalt innanfor dei einskilde utbyggingsområda, og det skal leggast vekt på robuste løysingar som til dømes lokal infiltrasjon i grunnen og opne bekkeløp. Eksisterande bekkeløp skal ikkje lukkast.
- 2.4.4 Der det kjem fram gjennom ROS analyse og KU at det er utfordringar, eller at det må gjerast tiltak for å handtere overflatevatn, skal dette visast spesielt i dokumentasjon til detaljreguleringsplan eller byggesak.

Retningslinje:

Kommunen sin VA-norm skal leggjast til grunn for arealplanar og søknad om tiltak.

2.5 Veg og transport (pbl §11-9 nr 3)

- 2.5.1 Nye vegar skal vere best mogleg tilpassa landskap og terrenget. I nye byggjeområde skal det i arbeid med detaljregulering leggja opp til løysingar som gjev minst mogleg

tal vegar inn i byggeområda.

- 2.5.2 Ved utforming av nye vegar må det veljast løysingar som legg til rette for sikker gangtilkomst enten ved gang/sykkelveg eller fortlausløysing.
- 2.5.3 Ved utbygging av ny alpindestinasjon på Fet må vegen frå Rv7 til alpindestinasjonen inngå i ny detaljreguleringsplan. Tilkomstveg skal utformast med planfri kryssing av hovudløypene vist i plankartet.
- 2.5.4 Tilkomstveg til bygningar skal vere planlagt med omsyn til samfunnstryggleik og sivil beredskap, og i samsvar med krav sett i teknisk forskrift.
- 2.5.5 Statens vegvesen sine vegnormalar skal leggjast til grunn for dimensjonering og val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak for offentlege vegar.

#### 2.6 Rekkefølgjekrav (pbl §11-9 nr 4)

- 2.6.1 Område for fritidsbusetnad utan detaljregulering, godkjent etter 01.01.2001, kan ikkje byggjast ut før godkjent vass- og avlopsordning er etablert.
- 2.6.2 Ved vesentleg fortetting av eksisterande planar, skal det utgreiaest behov for VA-anlegg. Planen må sette rekkefølgjekrav i høve ferdigstilling av anlegget eller delar av dette i høve utbyggingsfasane.
- 2.6.3 Detaljplan for område for fritidsbusetnad, bustad og kombinert bustad/fritidsbustad, skal vurdera tiltak for å sikra mjuke trafikkantar langs offentleg veg gjennom rekkefølgjekrav.  
Detaljplanar skal vurdera kryss mot Rv7.
- 2.6.4 Trasear for eksisterande stiar og løyper gjennom byggeområde, skal innarbeidast i detaljreguleringsplan. Trase for turveg må leggast slik at dei har korridor 40 m, 20 m frå løypene kvar veg for å unngå at dei vert opplevd som privatiserte. Detaljplan må sette rekkefølgjekrav i høve ferdigstilling av traseane.
- 2.6.5 Ved utarbeidning av nye detaljplanar og ved fortetting i eksisterande planar, skal det vurderast tiltak for å sikra mjuke trafikkantar langs Rv7, og slike tiltak skal i tilfelle innarbeidast i føresegndene om rekkefølgjekrav.

#### 2.7 Byggjegrenser til sjø og vassdrag (pbl §11-9 nr 5)

- 2.7.1 Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, er ikkje tillate i ei sone på 100m frå vassdrag målt ved gjennomsnittleg flauvasstand. Dette gjeld for følgjande vassdrag:  
Bjoreio  
Isdølo med Isdalsvatnet  
Leiro med Sysenvatnet

- 2.7.2 Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar er ikkje tillate i ei sone på 20 m frå bekkar.
- 2.7.3 Innanfor gjeldande regulerte område (jf. pkt. 8.3.1) vil det vere byggegrenser sett i planen som er gjeldande.

**2.8 Universell utforming (pbl §11-9 nr 5)**

- 2.8.1 Område og bygg med publikumsretta formål (servering, overnatting, allmennytige formål) skal ha universell utforming av alt publikumsretta bruksareal og tilhøyrande uteareal.

**2.9 Omsyn til born og unge (pbl §§1.1, 11-9 nr 5 og nr 8)**

- 2.9.1 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser skal leggast til grunn for planlegging og søknad om tiltak. Ved bygging av nye bustadar både i nye og eksisterande bustadområde skal barn og unge sine oppvekstvilkår takast særskild omsyn til, jf. pbl § 1-1.

**2.10 Krav til uteophphaldsareal (pbl §11-9 nr 5)**

Ved planlegging av nye bustadområde, eller ved søknad om oppføring av nye bustadar/ bruksendring til bustad skal det dokumenterast at eigedomen har mulighet for opparbeidning av uteophphaldsareal med tilfredstillande areal og kvalitet. Areala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerende vind, ureining, støy, trafikkfare og anna helsefare tilpassa born og unge sine krav.

**2.11 Krav til parkering (pbl §11-9 nr 5)**

- 2.11.1 Det er krav til opparbeidning av parkering ved nye byggearbeid og ved ombygging/-bruksendring og påbygging. Parkeringsdekning og -løysing skal dokumenterast ved all planlegging og søknader om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, d, g, j og m. Alle ny tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under. Minst 10 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for forflyttingshemma i TEK 10.

Type verksemد	Eining	Tal p-plassar
Einebustad	Pr bueing	2
Fritidsbustad	Pr bueing	2
Forretning	Pr 100m <sup>2</sup> BRA	2

Hotell, gjestegiveri, restaurant	Pr 100m <sup>2</sup> BRA	2
----------------------------------	--------------------------	---

- 2.11.2 Tilrettelegging av parkering i byggjeområde, skal i reguleringsplan, følgja krav at tilrettelagt parkering skal liggja minimum 20m frå senterlinje veg til Rv7.

2.12 Klima (pbl §11-9 nr 6)

- 2.12.1 Ved detaljregulering og prosjektering av nye bygg og anlegg, skal det taksast omsyn og dokumenterast korleis omsyn til klimatiske forhold som sol, vind og ekstremnedbør og kaldras skal ivaretakast både i høve plassering og utforming.

2.13 Estetikk og arkitektur (pbl §11-9 nr 6)

- 2.13.1 Bygningar og anlegg skal ha gode arkitektoniske kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane. Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom.
- 2.13.2 Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjevnadene. Det skal leggjast vekt på å bruke fargar på bygg og anlegg som gjev god tilpassing til omgjevnadane.

2.14 Natur, landskap og grønstruktur (pbl §11-9 nr 6)

- 2.14.1 Ved detaljplanlegging og prosjektering av nye tiltak skal omsyn til landskap, natur- og friluftsinteresser dokumenterast, og prinsippa i Naturmangfaldlova kap 2 skal leggjast til grunn.
- 2.14.2 Ved utforming og plassering av nye bygg og anlegg skal det leggast vekt på god landskaps- og terrentilpassing. Bygg og anlegg skal underordne seg viktige landskapstrekk og ein skal unngå skjemmande silhuettar.

2.15 Støy (pbl §11-9 nr 6)

- 2.15.1 Krav i retningslinjer T-1442 skal leggast til grunn ved detaljplanlegging og prosjektering av nye verksemder, fritidsbustader og bustader. Grenseverdiar for støy i rettleiaren skal overhaldast.

2.16 Renovasjon (pbl §11-9 nr 6)

- 2.16.1 Renovasjon skal inngå i planlegging og søknad om tiltak ved nybygging/ombygging/-bruksendring. Ved detaljplanlegging skal det settast av tilstrekkeleg areal for

renovasjon, og planen skal vise oppsamling og hentestasjoner.

**2.17 Bevaring av eksisterande bygninger og kulturmiljø (pbl §11-9 nr 7)**

2.17.1 Ved planlegging og prosjektering av nye tiltak skal det takast omsyn til eksisterende kulturminner i planområdet.

**2.18 Krav til vidare reguleringsarbeid (pbl §11-9 nr 8)**

2.18.1 Det vert sett krav om at følgjande skal vurderast og innarbeidast i detaljreguleringsplan for ny alpindestinasjon på Fet:

- Omsyn til natur og biologisk mangfald knytt til Drøllstølbekken og kringliggende område skal vurderast og det skal leggjast føringer i planen i forhold til å ta vare på desse verdiene på ein god måte.
- Val av materialar og energiløysingar som sikrar berekraftig utbygging.
- Ved detaljprosjektering av ny tilkomstveg må kryssingspunkta med stiar/løyper innarbeidast som ein del av vegløysinga, og det må leggjast vekt på å finne ei god utforming som ikkje reduserer brukbarheita til traseane.
- Ved utforming av tilkomstveg må det veljast løysingar som legg til rette for sikker gangtilkomst, til dømes ved utforming av einsidig fortausløysing.
- Behov for auka kapasitet i kraftforsyninga og eventuelt naudsynt areal.
- Behov for auka kapasitet i tele/dataforsyning og eventuelt naudsynt areal.
- Avbøtande tiltak for tilkomstveg i høve støy for eksisterande hytter.
- Ladestasjon for EL-bilar.
- Behov for ny/auka beredskapstiltak skal vurderast og naudsynte tiltak skal innarbeidast.
- Behov for tilkomstveg, inkludert avkjøring frå Rv7 og bru over Bjoreio. Planen må sette rekkefølgjekrav i høve ferdigstilling av tilkomstvegen til Fet frå og med krysset med Rv 7.
- Behov for tilrettelegging for mjuke trafikkantar langs og over Rv7.

**3. Bygningar og anlegg (pbl §11-7 nr 1)**

**3.1 Bustadar (B)**

Føremålet gjeld eksisterande (B) og framtidig (B1) byggjeområde sett av til heilårsbustadar med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar og parkering.

**3.2 Kombinert fritidsbustad/bustad (F/B)**

3.2.1	Innanfor F/B1, F/B2 og F/B3 kan det delast frå tomter til fritidsbustader som vist i gjeldande reguleringsplanar. Desse kan nyttast til fritidsbustadar eller heilårsbustadar.
3.2.2	Dersom det innanfor F/B1, F/B2 og F/B3 skal søkjast om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad eller oppførast heilårsbustad skal føreseggnene i gjeldande reguleringsplan vere gjeldande for utbygginga i høve bebygd areal, storleik, utforming og krav til infrastruktur. I tillegg skal punkt 3.2.4 nedanfor vere gjeldande.
3.2.3	<p>Innanfor F/B1, F/B2 og F/B3 kan det gjevast løyve til oppføring av nye heilårsbustadar og bruksendring av eksisterande fritidsbustadar til heilårsbustad på tomter vist som fritidseigedomar i gjeldande reguleringsplan føresett at følgjande kan dokumenterast i søknad om byggjeløyve/bruksendring:</p> <p>Eigedomen har eller kan knyte seg til avløpsløysing som tilfredsstiller krav til heilårsbustad.</p> <p>Eigedomen har eller kan knyte seg til hygienisk tilfredsstillende og tilstrekkeleg drikke- og sløkkjevasskjelde.</p> <p>Eigedomen har tilkomst via vinterbrøta tilkomstveg og biloppstillingsplass for to bilar på eigen tomt.</p> <p>Eigedomen har eller kan knyte seg til kraftforsyning som har tilfredsstillende kapasitet for heilårsbustad.</p> <p>Det er mogleg å legge til rette tilfredsstillende uteophaldsareal på eigedomen, jf. 2.10</p>
3.2.4	Ved søknad om bruksendring vil krav i TEK10 vere gjeldande, og det må dokumenterast i kva grad bygget stettar desse krava. Det kan ikkje gjevast fråvik etter pbl § 31-2 for forhold som er vesentlege for helse og tryggleik. Det skal leggjast vekt på å finne mest mogleg energieffektive løysingar for dei nye bustadane. Dersom det er behov for avvik frå energikrava i TEK10 skal det ved søknad om bruksendring og følgje søknad om fråvik etter pbl § 31-2.

3.3	Næring/fritidsføremål/bustad (N/F/B)
3.3.1	Føremålet gjeld eksisterande områder avsett til næring, fritidsføremål og bustad (N/F/B). Områda inngår i gjelande reguleringsplanar og det er føreseggnene i desse som vil vere bestemmande for nye tiltak. I tillegg skal det takast omsyn til føringane i dei generelle føreseggnene i kommunedelplanen, samt føresegner til omsynssonene.

3.4	Bustad/tenesteyting (B/T)
3.4.1	Føremålet gjeld eksisterande områder avsett til bustad og tenesteyting. Områda (B/T) inngår i gjelande reguleringsplanar og det er føreseggnene i desse som vil vere

bestemmande for nye tiltak.

### 3.5 Fritidsbustadar (F)

- 3.5.1 For oppføring av fritidsbustader i Sysendalen kan det i eksisterande byggjeområde i reguleringsplan, når tomtetilhøva tilseier at det er forsvarleg, tillatast fritidshus med bebygd areal (BYA) på opp til 100m<sup>2</sup>. Dette gjeld for reguleringsplanar som har lågare arealgrense enn 100m<sup>2</sup> BYA og for planar som frå før ikkje har grense for bebygd areal.
- 3.5.2 Før det kan byggjast ut i områda F1-F17 må desse områda inngå i detaljreguleringsplan, jfr punkt 2.2.1

#### Retningslinje til 3.1-3.5

Enkeltståande garasjar skal så langt det let seg gjera plasserast i tilknyting til eksisterande bygningar på eigedomen. Dei skal ha ein god arkitektonisk utforming som skapar ein heilskap med andre bygg på eigedomen.

### 3.6 Offentleg eller privat tenesteyting (OT)

Føremålet gjeld eksisterande og nye område (OT) avsett til kommunaltekniske anlegg og til kraftproduksjon med tilhøyrande vegrar og installasjonar. Innafor områda kan det gjennomførast tiltak knytt til føremåla.

### 3.7 Fritids- og turistføremål (F/T)

- 3.7.1 Områda omfattar noverande og framtidig areal for alle typar byggverk knytt til fritids- og turistføremål, med tilhøyrande forretning og tenesteyting, samt vegrar og anna naudsynt infrastruktur.
- 3.7.2 Eksisterande områder (F/T)
- For eksisterande områder for fritids- og turistføremål er det føresegne i gjeldande reguleringsplan som er bestemmande for gjennomføring av tiltak.
- 3.7.3 Nytt område (F/T1)
- Nytt område for fritids- og turistføremål F/T1 skal inngå i detaljreguleringsplan før det kan gjevest løyve til tiltak i området. I detaljreguleringsplan skal det leggjast vekt på følgjande:
- Fargebruk og arkitektonisk utforming av bygningar skal tilpassast omgjevande i form og volum slik at fjernverknadar av tiltaket vert redusert samstundes som den arkitektoniske utforminga tilfører området verdi.
- Tilkomst for utrykkingskøyretøy både via tilkomstveg og interne vegrar. Desse vegane skal ha heilårstilkomst.
- Areal for anlegg for infrastruktur som til dømes høgdebasseng og heisanlegg, skal plasserast slik at installasjonane får best mogleg landskapstilpassing for å unngå

fjernverknad.

### 3.8 Idrettsanlegg (I)

- 3.8.1 Områda omfattar noverande og framtidige areal for alpinanlegg med tilhøyrande installasjonar og bygg.
- 3.8.2 Eksisterande områder (I)
- For eksisterande område for idrettsanlegg er det føresegne i gjeldande reguleringsplan som er bestemmande for gjennomføring av tiltak
- 3.8.3 Nye områder for alpinanlegg (I1 og I2)
- Nye område for idrettsanlegg I1 og I2 skal inngå i detaljreguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak i området. I detaljreguleringsplan skal det leggjast vekt på følgjande:
- Fargesetting og landskapstilpassing av heisanlegg og andre bygg knytt til føremålet.
- Løyper skal leggjast slik at dei ikkje går inn i ras-utsett område.
- I tillegg til det overståande skal det for ny alpindestinasjon på Fet (I2) leggjast vekt på arkitektonisk utforming av toppstasjon for stolheis, slik at denne vert tilpassa omgjevande i form og volum, slik at fjernverknadar av tiltaket vert redusert.

### 3.9 Næringsverksemde (N)

- 3.9.1 Områda omfattar noverande areal for næringsverksemde (N), samt vegar og anna naudsynt infrastruktur. For desse områda vil det vere føresegne i gjeldande reguleringsplan som er bestemmande for gjennomføring av nye tiltak.

## 4. Samferdsle og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr 2)

### 4.1 Parkeringsplassar (P)

- 4.1.1 Områda omfattar eksisterande (P) og nye parkeringsplassar (P 1, P2 og P3) som ikkje inngår i reguleringsplanar. Desse må gjevast definert og trafikktrygg avkøyrsle. Oppmerking av plassane må gje rom for vintervedlikehald av RV 7. Tilrettelagt parkering skal liggja minimum 20m frå senterlinje veg til Rv7. Avvik frå denne grensa skal vere vurdert i detaljreguleringsplan. Krava her gjeld også tilrettelegging av parkering i alle bygeområde. Dette må innarbeidast i føresegne.

### 4.2 Hovud- og samleveg

4.2.1	Føremålet gjeld område sett av til offentleg veg. Føremålet omfattar ikkje parkeringsareal.
4.2.2	Avvik frå avstandskrava i Veglova for byggegrense frå Rv7 skal fastleggast i ny reguleringsplan. Trafikktryggleik og god trafikkavvikling skal vektleggast.
4.2.3	Det må etablerast planskilde kryssingspunkt der preparert turvegtrase kryssar Rv7.

#### 4.3 Ny tilkomstveg til alpindestinasjon på Fet

4.3.1	Føremålet omfattar trase for tilkomstveg til nytt alpinanlegg. Traseen er retningsjewande, og skal inkluderast i detaljreguleringsplan for området. Traseen kan endrast/justerast dersom det i samband med detaljplanlegging vert funne ei løysing som gjev betre terrengrølpassing. Vegen skal utformast i samsvar med krav i punkt 2.5.
-------	---

#### 4.4 Gang/sykkelveg

4.4.1	Føremålet omfattar areal til noverande og framtidig gang/sykkelveg.
-------	---

#### 4.5 Turvegtrase

4.5.1	Føremålet omfattar tilrettelegging for stiar og skiløyper i samsvar med Eidfjord kommune sin sti- og løypeplan. Stiar og skiløyper kan leggast til rette i samsvar med viste trasear. Det kan gjerast justeringar/mindre endringar av traseane dersom dette er naudsynt på grunn av terrengrølpassing og/eller tryggleik.
4.5.2	Det skal leggast til rette for planskild kryssing av Rv7 der skiløypene kryssar vegen, jf. punkt 4.2.4.
4.5.3	Ved tilrettelegging av sti- og løypeplanane må det leggast vekt på å finne kryssingspunkt for bekkar som er tryggast mogleg, og legge til rette for bruer/klopper som gjev trygg kryssing.
4.5.4	Der traseane går inn i område med omsynssone for skred må det gjerast ei skredfarekartlegging, og traseane må eventuelt justerast slik at dei vert lagt utanfor skredutsatt område.
4.5.5	Der trasen er samanfallande med gamal steinsett stølsveg mellom Høl og Fetaleitet må tilrettelegging i så stor grad som mogleg ta omsyn til dette kulturminnet, og

eventuelle tiltak bør avklarast med kulturmynda.

- 4.5.6 Ved utbygging av ny alpindestinasjon på Fet skal trase for snøskuter leggjast i trase vest for området.
- 4.5.7 For skiløyper som går inn i villreinområde skal det setjast opp informasjonsskilt ved startpunktet som opplyser om muligheten for å treffre rein og oppmøding om at ein må halde god avstand til dyra for å ikkje uroa dei. Det kan etter samråding med SNO vurderast å unnlate å preparere løyper som går inn i viktige trekk- og vinterbeiteområde for villrein.

## 5. Grønstruktur (pbl § 11-7 nr 3)

### 5.1 Friområde (FRI)

Områda omfattar areal regulert til friområde (FRI) i gjeldande reguleringsplanar. For desse områda vil det vere føresegnene i gjeldande reguleringsplan som er bestemmande for tilrettelegging bruk av områda.

## 6. Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNFR) (pbl § 11-7 nr 5)

### 6.1 LNFR-område

I LNFR-områda er det som følgje av planføremålet forbod mot alle tiltak som ikkje er tilknytt landbruksnæringa. Dersom det vert søkt om løyve til tiltak som ikkje er naudsynt for landbruket må desse inngå i ny detaljreguleringsplan, jf. punkt 2.1.1

### 6.2 LNFR område med spreidd busetnad (LNFR-F)

- 6.2.1 Det kan oppførast 3 stolshus/fritidsbustader i planperioden i tilknyting til eksisterande hytter i nedkant av stølen i Isdalen. Vidare er det opna for 2 nye bygg på vestsida av Sysenvatnet.
- 6.2.2 Fritidshus kan ha bruksareal inntil 45m<sup>2</sup>. Bygningar kan berre førast opp i ei høgd. Det er ikkje tillate med uthus. Det bør nyttast trekledning og torv eller stein til taktekking. Fundament bør vera i naturstein, og synlege betongsøyler må vera unngått. Bygningar bør ha saltak med takvinkel mellom 27 og 40°.
- 6.2.3 Det vert tillate oppført eitt stolshus med eitt uthus for kvar eining. Bebygd areal (BYA) for stolshus kan vera inntil 60m<sup>2</sup>, med tillegg av frittståande uthus på inntil 20m<sup>2</sup>. Bygningar kan berre førast opp i ei høgd. Bygningane skal gjevast ei god utforming og materialbruk og må vera i tråd med lokale byggjetradisjonar og den etablerte busetnaden. Bygningar skal ha saltak med takvinkel mellom 27 og 40 grader. Uthus og hovudhus bør ha same takvinkel.

Det skal nyttast miljøvenlege fargar mest mogleg i samsvar med fargane som

tidlegare er brukt i området.

- 6.2.3 Ved søknad om byggjeløyve er det i tillegg til plan- og bygningslova sine krav til søknaden kravd foto som syner aktuell plassering. Plassering må visa bar mark og frå 4 ulike retninger.

#### 6.3 LNFR område med spreidd næring (LNFR-N)

Område omfattar noverande areal for næringsverksem inkludert vegar og anna naudsynlig infrastruktur i LNFR-område i gjeldande reguleringsplanar. For dette området vil det vere føresegnene i gjeldande reguleringsplan som er bestemmande for gjennomføring av nye tiltak.

##### Retningslinje 6.1 -6.3

Handsaming av søknadar om dispensasjon i LNFR –område

I tillegg til krav i kap 19 for dispensasjon, bør ikkje kommunen gje dispensasjon for bustad- fritids- og uteleigebjyg i LNF-område utan at:

Landbruksstyresmaktene gje samtykke

Tilkomst er godkjend av vegstyresmaktene

Vatn og avlaup kan løysast på tilfredsstillande måte

Utbygginga ikkje er i konflikt med natur- og friluftsinteresser, eller jakt- og fiskeinteresser

Tiltaket er i tråd med lokal byggjeskikk og ikkje til skade for kulturlandskapet

Rasfare må vera vurdert og funnen forsvarleg

Støyfare må vera vurdert og funnen forsvarleg

I område med tilrettelagde bustadfelt bør det ikkje gjevast dispensasjon for bustadbygg i LNF-område.

Bygg i stølssameige skal ikkje delast frå bruket det er knytt til. Prinsipp i jordlova, §12, skal handhevast strengt.

Vidare skal følgjande vere teke omsyn til ved lokalisering av tiltaket:

- Nye bygg skal plasserast slik at dei minst mogeleg dannar skjemmande silhuettar og elles passar inn i landskapsbilete og naturmiljøet,
- Nye bygg skal plasserast utanfor rasfarleg område, utanfor byggjegrensa for veg, og slik at dei ikkje er til hinder for ferdsel langs sjø eller vassdrag,
- Nye bygg skal plasserast meir enn 100m frå verna vassdrag (målt horisontalt frå vasskanten),
- Nye bygg skal plasserast utanom dyrka eller dyrkbar jord eller samanhengande innmarksbeite,
- Søknadspliktige tiltak nærare freda kulturminne enn 30 meter skal godkjennast av kulturvernmynda.

Det skal ikkje gjevast dispensasjon for oppføring eller vesentleg utviding av bustad- og fritidshus i fjellområda over 1000 moh.

## 7. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7 nr 6)

### 7.1 Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone

7.1.1 I desse områda er det ikke lov å setje i verk tiltak som vil avgrensar ålmenta sin tilgang til areala eller reduserer areala sin verdi for planter og dyr.

## 8. Omsynssoner (pbl § 11-8)

### 8.1 Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8-a)

#### 8.1.1 Støy

Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved nye tiltak. Krav i retningslinjer T-1442 skal leggast til grunn. Med veg som støykjelde skal følgjande verdiar stettast: 55 dB L den på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og 70 dB L 5af utanfor soverom natt kl. 23-07.

#### 8.1.2 Ras og skredfare

Før det kan gjevast løyve til nye tiltak innfor omsynssone for ras- og skredfare må det gjennomførast skredfarekartlegging for å avklare reell fare og eventuelt behov for avbøtande tiltak. Skredfarekartlegging må og så langt som mogleg ta omsyn til endringar som følge av klimaendringar.

#### 8.1.3 Flaumfare

Før eventuelle tiltak kan gjennomførast innanfor omsynssonene må det gjennomførast flaumsonekartlegging som viser at krav til tryggleik i plan- og bygningslova § 28-1 er oppfylt. Kartlegginga må og så langt som mogleg ta omsyn til endringar som følge av klimaendringar.

Ved detaljregulering/prosjektering av tiltak i omsynssone for flaum skal det vere fokus på eventuelle behov for erosjonssikring for å hindre at bekkar tek nye løp og kapasitet i eventuelle kulvertar, eller andre kryssingspunkt for å sikre tilfredstillande kapasitet i desse.

I tillegg til omsynsoner vist på plankartet skal det generelt ikkje byggjast nærare bekkar enn 20 m, jf. punkt 2.7

### 8.2 Sone med særlege omsyn (pbl § 11-8-c)

#### Retningslinjer 8.2

##### Omsyn landskap (550)

Innanfor omsynssona skal landskap og natur ivaretakast, og det bør ikke setjast i verk tiltak som vil redusere desse verdiane innanfor sona.

##### Omsyn kulturmiljø (570)

Innanfor omsynssona skal kulturmiljø ivaretakast, og det bør ikke setjast i verk tiltak som vil redusere desse verdiane innanfor sona.

Omsyn/bevaring av naturmiljø (560)

Alpinanlegget som ligg innanfor omsynssona skal ikkje ha drift i perioden etter fyrste helg etter 1. mai fram til 15. juni. Ved detaljregulering skal det definerast eit areal kring toppstasjonen som er utforma slik at det avgrensar arealet som naturleg er tilgjengeleg kring topp-stasjonen.

8.3 Sone der reguleringsplanar fortsatt skal gjelde (tbl § 11-8-f)

8.3.1 Følgjande reguleringsplanar skal framleis gjelde, jf. punkt 1.2

Planid	Namn	Vedteken
2008003	Maurseth – Bruskorvet (gang/sykkelveg)	08.09.2008
2012001	Områdeplan for Fossatromma-Vøringsfossen-Fossli	31.03.2014
2007008	Reguleringsplan for Fagerli (21/99 m.fl.)	23.06.2015
2014001	Revisjon av detaljplan Maurset Fjellheim	27.10.2014
2015001	Tvennlia	11.05.2016

Omsynssone der reguleringsplan og bebyggelsesplan fortsatt skal gjelda (H910)

**Formatert:** Norsk (bokmål)

Innanfor omsynssona skal gjeldande reguleringsplanar og bebyggelsesplan fortsett gjelda. Det bør ikkje setjast i verk tiltak som vil redusere intensjon med overordna plan.

Vedtekne reguleringsplan og bebyggelsesplan

Vedtekne reguleringsplanar og bebyggelsesplan skal fortsett gjelde, og ved eventuell motstrid gjeld kommunedelplanens arealdel. Når det ikkje ligg føre motstrid, supplerer kommunedelplanens arealdel gjeldene reguleringsplanar og bebyggelsesplan for tema faresoner kulturminne og bevaring av natur.

Faresoner:

Flaum:

For vatn og vassdrag utanfor omsynssone flaum, må ny busetting, og vesentleg utviding av eksisterande, leggjast tilstrekkeleg høgt slik at flaumskadar vert unngått på bygg og anlegg. Ved bygging langs vassdrag skal det leggjast fram fagkyndig rapport for trygg byggjehøgde. For ny busetting og vesentleg utviding av eksisterande bygningar innanfor omsynssone flaum skal det alltid leggjast fram fagkyndig rapport for trygg byggjehøgde.

Naturmangfold:

Omsynet til naturmangfaldet på staden skal alltid avklarast før tiltak kan igangsetjast, jf. naturmangfaldlova § 7 (prinsippa for offentleg vedtak i §§ 8 til 12). For å ivareta naturmangfaldet skal det ikkje gjennomførast tiltak i viktige naturtypar og økologiske funksjonområde, med mindre dette er avklart gjennom utarbeidning av reguleringsplan i samsvar med prinsipp for offentleg vedtak i §§ 8 til 12.

Kulturminne:

For at bevaringsverdige bygningar skal vedlikehaldast og takast vare på, er ein avhengig av at bygningane blir brukt. Ein ynskjer at tiltak som ikkje går ut over verneverdien kan gjennomførast

under visse føresetnader. Det er viktig å påpeike at antikvariske myndigheter skal få sakene til uttale før eit eventuelt løyve vert gitt.